

## OPPSLAGSTAVLA



Oppslagstavla - dei små historiane frå lesarane våre. Skjer det noko i bygda di du gjerne vil fortelje om? Skriv ei lita sak, og send ved biletet. Her er det plass til lesarane sine eigne små historiar - nett slik lesarane våre ynskjer å fortelje dei. Send e-post til redaksjon@vestnytt.no

## Elevane hoppa i fjorden

I veke 35 var Tjeldstø skule så heldige å få vere med på prosjektet i regi av Stiftinga Kystkultur støtta av Klima og Miljøverndepartementet.

Kjell Magne Økland organiserte opplegget.

Elevar og vaksne fekk prøvd seg på  
å ro seksfæring,  
ro ein færing,  
segla i båt,  
vere med på coasteering,  
lært om berekraft av  
FN-sambandet  
hausta mat frå kjøkkenhagen  
vår

rydda ei strand og lært om kva  
plastforureining fører med seg  
Tjeldstø skule ligg tett på sjøen  
og havet. Skulen nyttar sjøen til  
symjeopplæring, og tek ansvar  
for å rydde ei strand kvart år i  
samband med Miljøveka vår.

Dette prosjektet var midt  
i blinken for oss. Praksis og  
læring gjekk hand i hand. Vi  
fekk til og med konsert ved  
Vivian Steinsland.

Prosjektplana til Snakkast på



Elevane hoppar i sjøen under Snakkast på fjorden-arrangementet på Tjeldstø skule.  
Foto: COASTEERING SYLTØ

Fjorden skildrar mellom anna:  
«Snakkast på fjorden skal dela  
kunnskap, inspirera til førebygg-  
ing og handling, få folk til å sjå  
muligheter og etablira løys-  
ningsorienterte haldningar. I  
2019 vil me bruka fortid, notid  
og framtid som stikkord der  
me koplar aktivitet/oppleveling/  
sanseinntrykk med nyfikne/  
kunnskap/refleksjon.»

Elevar og vaksne ved skulen

vår har verkeleg blitt nyfikne,  
fått ny kunnskap og reflektert  
over kva den einskilde av oss  
kan gjere for å ta vare på jorda  
vår. I tillegg har vi fått nokre  
dagar med fantastiske opple-  
vingar!

Linda Færestrand  
Rektor



Sondre Lie Foldnes, Emilie Alrek Eide og Heine Lam Nybakk.

## Tredjeplace til Emilie

Badminton: Emilie fra Sotra fikk 3. plass i nasjonal turnering.

Sesongens første ranking fant sted i Oslo, arrangert av Haugerud IF. Her møttes Norges beste U15 -og U19 spillere. Fra Sotra deltok Heine Lam Nybakk, Sondre Lie Foldnes og Emilie Alrek Eide, som spilte i U15 klassen.

På lørdag spilte vi singlene og mixene i Ellingsrudhallen. Det

ble spilt mange gode og jevne kamper, men ikke alt gikk som forventet. I singel fikk Emilie en klar 5.plass. På søndag ble det dobbel i Haugerudhallen. Sondre og Heine vant den første kampen, og tapte den andre.

Emilie på sin side kom seg ut av puljen sin, etter å ha vunnet to jevne kamper. Da ble det semifinale. Etter godt spill tapte Emilie og Solveig fra

Karmøy mot ett godt par fra Sola/Norborg.

Alt i alt var det en god helg med mye godt spill. Ikke alt gikk vår vei, men spillerne tar med seg mye godt tilbake. En 5. Plass og en 3. Plass var en god start på sesongen.

Julie Langeland Risa,  
Sotra badmintonklubb



Einar Lotsberg fyller 95 år fredag 13. september.

ARKIVFOTO

## Einar Lotsberg vert 95 år

Læraren, rektoren,  
kyrkjemannen og  
kulturentusiasten Einar  
Lotsberg fyller 95 år  
fredag 13. september.

Familien kom til Fjell i 1955, og han begynte som lærar og seinare rektor på Fjell skule. Då den nye Kolltveit skule blei bygd vart han rektor der, noko han var heilt til han gjekk av med pensjon i 1991.

Han har alltid vore opptatt av folkeopplysning, både til små og store, og det vart naturleg å engasjere seg i lokallaget av Folkeakademiet. Han satt lenge i styret både lokalt og på fylkesplan. Ikkje minst såg han verdien av at laga skulle ha ein økonomi som gjorde dei i stand til å drive eit aktivt arbeid og kunne engasjere gode og kunnskapsrike foredragsgħadarar. Difor vart arbeidet med å bruke og utvikle gode støtteordningar viktig for han, og mange er dei som har fått glede av det.

Også kulturarbeid var viktig. Sjølv var han aktiv korsongar i Fjell kyrkjekor

i mange år, men kjente at det først og fremst var på bakrommet han hadde ein jobb å gjøre. Her og var økonomi eit nøkkelord. Han såg at skal vi ha eit rikt og variert kulturliv er vi avhengig av at dei ulike laga har eit økonomisk fundament å bygge på. Han satt lenge som medlem i Fjell kulturstyre og jobba aktivt for at kommunen skulle auke løvvinga til frivilleg, kulturelt arbeid.

Mange er takknemleg for det arbeidet, og han vart endatil æresmedlem av Fjell ungdomskorps sjølv om han aldri hadde spelt ein einaste tone i korpsset. Saman med kona, Eva, som døydde i desember 2018, fekk han Fjell kommune sin kulturpris i 1988. Mellom anna for arbeidet med å fremje eit rikt og variert kulturliv frå bakrommet. TV-aksjonen kvar haust i oktober har vore eit av hjartebarna hans, kanskje fordi han hadde erfart at pengar til gode formål skaper gode endringar. I fleire år hadde han ansvaret for å organisere innsamlingsaksjon i Fjell kommune, og han satte nok si ære i at helst alle husstandane i kommunen skulle få ein bøsseberar på døra.

Eldre og sjuke har han og hatt tankar for. Då han satt i styret til Fjell Helselag var han ein av pådriverne til å få bygd eldrebustader på Movic, dei første i Fjell kommune. I den første tida var det helselaget som drifta bustaden, og då vart det ein del både praktisk og administrativt arbeid på styret.

Gjennom arbeidet i lag og organisasjoner har han fått reist mykje, både innlands og utanlands, noko han har sett stor pris på.

Han har vore ein praktisk mann, og villeg til å til å ta i eit tak både hos familie, vener og på dugnad.

**Barn, svigerbarn, barnebarn og oldebarn ønskjer til lukke med dagen fredag 13. september.**